

Arkiv:
JournalpostID: 19/1987
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 26.11.2019

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
012/19	Alver formannskap	05.12.2019
	Alver kommunestyre	

Smittevernplan for Alver kommune

Vedlegg i saken:

26.11.2019	Smittevernplan Alver kommune	1329009
26.11.2019	Vedlegg 1 Delegering av mynde	1329010
26.11.2019	Vedlegg 2 Varslingsliste smittevern	1329011
26.11.2019	Vedlegg 3 Informasjon frå kommuneoverlegen i Alver	1329012
26.11.2019	Vedlegg 4 Tuberkuloseplan for Alver kommune	1329013
26.11.2019	Vedlegg 5 Prosedyrar ved smittsam hjernehinnebetennelse i skular og barnehagar	1329014
26.11.2019	Vedlegg 6 Beredskapsplan ved utbrot av næringsmiddelbåren infeksjon_ forgiftning	1329015
26.11.2019	Vedlegg 7 Beredskap for utbrot med allmennfarlege smittsame sjukdomar	1329016
26.11.2019	Vedlegg 8 Beredskapsplan mot pandemisk influensa med plan for massevaksinasjon	1329017
26.11.2019	Vedlegg 9 Plan mot legionellasmitte	1329018
26.11.2019	Vedlegg 10 Infeksjonskontroll i helsetenesta	1329019
26.11.2019	Vedlegg 11 MRSA (Meticillinresistente gule stafylokokkar)	1329020
26.11.2019	Vedlegg 12 Seksuelt overførbare sjukdomar	1329021
26.11.2019	Vedlegg 13 Antibiotikaresistens	1329022
26.11.2019	Vedlegg 14 Vaksinerings mot hepatitt B	1329023
26.11.2019	Vedlegg 15 Handtering av stikkskadar	1329024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar smittevernplan for Alver kommune slik den er lagt fram i saka. Kommuneoverlegen har ansvar for å halde planen fagleg oppdatert, og skal sørge for at den er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer og råd frå sentrale helsemyndigheiter. Dersom det blir endring i kven som er kommuneoverlegen sin faste stedfortredar, kan kommuneoverlegen endre dette i Vedlegg 2: Varslingsliste.

Kommunestyret skal orienterast om større faglege endringar.

Større endringar av smittevernplanen som kan få økonomiske konsekvensar for Alver kommune, skal godkjennast av kommunestyret.

Alver formannskap 05.12.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 012/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtar smittevernplan for Alver kommune slik den er lagt fram i saka. Kommuneoverlegen har ansvar for å halde planen fagleg oppdatert, og skal sørge for at den er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer og råd frå sentrale helsemyndigheiter. Dersom det blir endring i kven som er kommuneoverlegen sin faste stedfortredar, kan kommuneoverlegen endre dette i Vedlegg 2: Varslingsliste.

Kommunestyret skal orienterast om større faglege endringar.

Større endringar av smittevernplanen som kan få økonomiske konsekvensar for Alver kommune, skal godkjennast av kommunestyret.

Saksopplysninger:

Alle kommunar skal ha ein smittevernplan som har som formål å sikre innbyggjarane mot smittsame sjukdomar ved å førebyggje dei og motverke at dei vert overført i befolkninga jf «lov om vern mot smittsomme sykdommer».

Smitteverntiltak etter lova skal vere grunngjeve medisinskfagleg, vere nødvendig av omsyn til smittevernet og vere tenleg etter ein heilskapleg vurdering.

Smittevernlova legg ansvaret på kommuneoverlegen for å utarbeide forslag til plan for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vern mot smittsame sjukdomar, inkludert beredskapsplanar og -tiltak, og kommuneoverlegen skal organisere og leie dette arbeidet.

I Alver kommune er det kommunalsjefane for helse og omsorg og for oppvekst som er ansvarlege for at nødvendige ressursar er tilgjengeleg i smittevernarbeidet.

Forslaget til smittevernplan for Alver kommune er utforma som ei hovudsida med hovudprinsipp for arbeidet, samt referansar til gjeldande lover og forskrifter, og til faglege resursar.

I tillegg er det laga ulike vedlegg, som skal oppdaterast og supplerast når det er nødvendig.